

KLASSEKAMPEN

Ansvarelig redaktør: Bjørgulv Braanen
 Administrerende direktør: Christian Samuelsen
 Redaksjonssjef og featureredaktør: Mari Skurdal
 Nyhetssjef: Kjell-Erik N. Kallset og Simen Tallaksen
 Kulturredaktør: Bendik Wold
 Utenriksredaktør: Mari Eifring
 Utviklingsredaktør: Katrine Ree Holmøy
 Utgitt av © Klassekampen AS.
 Ettertrykk og elektronisk videre distribusjon forbudt uten etter særskilt avtale.

Syria-angrep

■ Det er ventet at beslutningen om å angripe Syria på grunn av det påståtte gassangrepet i Douma, er nær forestående. I en twittermelding i går skrev USAs president Donald Trump: «Russland lover å skyte ned alle missiler som avfyres mot Syria. Gjør dere klare, Russland, for de vil komme, fine og nye og 'smarte!» USA og andre vestlige land mener syriske regjeringsstyrker har brukt kjemiske våpen, og Trump og Frankrikes president Emmanuel Macron har varslet straffereaksjoner i form av væpnet angrep. Storbritannia statsminister Theresa May er også trukket med, og det er enighet mellom de tre om at Assad-regimet «skal holdes ansvarlig». Lokale kilder i Douma, som er siste skanse for den islamistiske opprørsgruppa Jaish al-Islam i Øst-Ghouta, har opplyst at minst 40 mennesker ble drept av giftgass. Dette er ikke bekreftet av uavhengige kilder, og anklagene avvises av Syria. Det er vanskelig å forstå hva Assad-regimet har å tjene på å utløse et gassangrep i en situasjon der syriske styrker er i ferd med å vinne. Opprørerne kan på sin side ha interesse av å spre slike påstander i et siste desperat håp om at Vesten skal gripe inn. Likevel er det umulig for utenforstående å vite hva som har skjedd. I krig og ekstreme konflikter kan alt skje.

■ I denne typen internasjonale konflikter er det bare uavhengige granskingskommisjoner bestående av erfarne fagfolk og eksperter som kan avklare hva som virkelig har skjedd. Forut for Irak-krigen i 2003 hevdet USA at landet hadde masseødeleggelsesvåpen og et hemmelig atomvåpenprogram. FN's våpeninspektører fant ikke spor etter masseødeleggelsesvåpen. Likevel gikk den USA-ledete koalisjonen til angrep, basert på «bevisførsel» som nøytrale fag- og forskningsmiljøer ga strykkarakter. For USA var det nødvendig å legge fram bevis i FN's sikkerhetsråd, men i tilfellet Syria gjøres ikke det engang. Sverre Lodgaard, seniorforsker ved Norsk utenrikspolitisk institutt (Nupi), sa til Klassekampen tirsdag at det i Vesten nå nærmest har blitt sedvane å reagere spontant med at fiender som Assad og Russland må stå bak, uten at noen dokumentasjon er brakt til torgs. Det gjør verden til et ekstremt farlig sted.

BJØRGULV BRAANEN

Gråt, mitt elskede land

Kalenderen
12. APRIL

Han skrev romanen «Cry, the Beloved Country» om sitt hjemland Sør-Afrika, filmatisert i regi av Zoltan Korda i 1951 og grunnlag for musikalen «Lost in the Stars» med musikk av Kurt Weill. I dag er det 30 år siden den sørafrikanske forfatteren og anti-apartheidaktivisten Alan Stewart Paton døde i Durban (eThekweni).

Etter å ha blitt avvist som frivillig i andre verdenskrig, dro Paton, født i Pietermaritzburg (um-Gungundlovu) i KwaZulu-Natal 11. januar 1903, rundt i verden. I Norge begynte han på «Cry, the Beloved Country», som han skrev ferdig julaften 1946 i San Francisco. I 1948, fire måneder etter lanseringen, kom apartheidpartiet Nasionale Partij van Suid-Afrika til makten i Sør-Afrika. 9. mai 1953 ble Paton visepresident i det nye Liberal Party, samme



Paton

år som «Too Late the Phalarope» kom ut, med oppfølgeren «Ah, but Your Land is Beautiful» (1981) og novelene «Tales from a Troubled Land» (1961) over samme tema.

Patons forfatterkollega Laurens Jan van der Post (1906–96), som dro til England i 1931, sponset Patons politiske virksomhet.

I «Save the Beloved Country» (posthumt 1989) tar han for seg flere av de ledende personene i apartheidkampen. **PMJ**

Kvifor elsker sunnmøringane Sylvi Listhaug?

Å vær sej sjøl



Maria Dyrhol Sandvik
FOKUS

Sylvi Listhaug sa aldri «jeg vil være meg selv» på den famøse pressekonferansen då ho gjekk av som justisminister i mars. Ho sa «ej vil vær mej sjøl». Det er som om eg skulle ha sagt det sjølv. Eller, det er slik som eg ville sagt det sjølv.

Sylvi Listhaug er nokre år eldre enn meg, men elles er mykje likt. Vi vaks opp mellom fjordar og fjell på Sunnmøre. I oppveksten har vi begge sett skodda kome sigande etter eit par solskinsdagar. Vi har hatt gudfryktige bestemødrer og slite fotballskoia i regn og stiv kuling. Likevel både klør eg og riv eg meg i håret av å høyre henne snakke, som så mange andre på venstresida.

Bråket kring Sylvi Listhaugs avgang har gjort Frp til det største partiet i Møre og Romsdal, Listhaug sitt heimfylke. Listhaug flyt «på ei bølge av sympati», ifølgje Sunnmørsposten. På ei måling avisa publiserte etter at Listhaug hadde gått av som statsråd, vart Frp sin oppslutnad på 26,8 prosent, nesten på nivå med rekordvalet partiet gjorde i fylket i 2009.

Den nyaste utgåva av Samtiden – «Det lokale nummeret» – utforskar det rurale. Bygdeforskar

Bjørn Egil Flø forsøker blant anna å svare på kvar mistruen til dei politiske elitane han opplevde som verftsarbeidar heime i Ulsteinvik på åttitalet, kom frå. «Me såg ut til å sakne ein særskild type politikarar, slike som hadde 'fõtene planta på jorda'. Nokre som snakka om det som vedkom oss, nokre som kunne trekke opp referansar som me kjente oss att i», skriv han.

Men det var andre politikartypar som vaks fram på denne tida. Folk som nærast var utdanna innanfor politikken, som hadde gått gradene i ungdomspartia og seinare utdanna seg til statsvitarar. Når dei

«Det er ofte ikkje kva som blir sagt, men korleis det blir sagt»

kom for å snakke med folk, skapte det lite engasjement.

Det fanst likevel unntak, skriv Flø, som då Norsk jern og metallkjempa Lars Skytøen, sveisaren frå Kaldnes i Tønsberg, kom for å halde tale. «Det var som song for ein ung industriarbeidar», skriv han. Nokre år seinare, då Carl I. Hagen dukka opp i Ulsteinvik, fekk Flø høyre at andre fekk same kjensle av å høyre på han. «Sjølv om få av oss trudde han nokon gong hadde halde i eit sveiseapparat, så snakka han i alle fall makta midt imot».

Dette med å «snakke makta midt imot», er ein nøkkel til å forstå Frp sin suksess på Sunnmøre. Og: Kan det vere at det ofte ikkje er kva

som blir sagt, men korleis det blir sagt, som er viktigast? Lokalavisredaktør Reidar Opsal i Bygdebladet i Ørskog samanlikna Listhaug med Hanna Kvanmo frå SV, som «blei kjent for sine sterke og klare meiningar», i eit intervju med NRK. Ho tvingar folk til å ta stilling, same kva ho seier.

Bygdeforskar Flø set sunnmøringane sin sans for folk som snakkar makta midt imot i samanheng med brotet med den gamle avtalen om «by og land, hand i hand». Med den nye, profesjonaliserte politikarstanden på åttitalet kom også ein ny distriktpolitikk. Omsut for

distrikta måtte meir og meir vike for næringspolitikken. Bygdefolk har «kjent skifta i distriktpolitikken på kroppen, lokale fiskemottak til liks

med meieri, slakteri, båtbyggeri (...) forsvinn saman med butikkar, skular og helsestasjonar», skriv han.

Flø trur vi berre har sett starten på eit bygdeopprør. Delar av eit slikt opprør vil kome ørskogjenta som «vil vær sej sjøl» til gode, enn kor tilgjort ho kanskje er. Med sin bakgrunn er Listhaug ein broiler så god som nokon, utan at det ser ut til å gjere noko så lenge ho «talar makta midt imot».

Om ei veke skal Jonas Gahr Støre til Ålesund for å snakke om «Havrommet». Så kjære Jonas: Ver så snill å kalle det «sjøen», berre denne eine gongen.

Maria Dyrhol Sandvik
 marias@klassekampen.no

NOBELKOMITEEN

AV ANDREAS IVERSEN OG ANDERS BORTNE

